

Rekordstor fotballskule godt i gang.

21.06.2016



Unge jenter har det kjekt på fotballskule og får instruksjon av Mathea og Kaia.

Tirsdag kl.9 gjekk startskotet for Tine Fotballskule i Rosendal. Heile 150 unge og ivrige fotballspelarar møtte opp til tre dagar med fotball, leik og sosialt fellesskap. Deltakartalet fortel oss også at det er eit stort løft for arrangørane, og primus motor Arvid Nes fortel at han har om lag 35 gode hjelparar som instruktørar og på matserving.



[Joacim Musland og Jostein Soldal](#) var blant deltakarane på Tine fotballskule.

Deltakarane var fordelt i grupper etter kjønn og alder utover heile grasbanen og heile kunstgrasbanen. I overkant av 40 deltakarar kom frå Uskedalen. Då eg var innom var det ideelt fotballskulever med overskya opphald, heilt vindstille og temperatur på rundt 15 grader.

Deltakarane er i aldersklassane frå 2003 til 2009. Kvar av dei tre dagane er dei på fotballskulen frå kl.9 til kl.14, og innimellom fotballen vert det tid til tre måltid kvar dag, to fruktmåltid og eit brødmåltid. Alle deltakarane får ein fotball og ein TINE-pakke som mellom anna inneheld ei flott T-skjorte. Ved avslutninga torsdag får alle utdelt diplom. Den får dei utdelt av ingen ringare enn Johnny Furdal, omvikdelingen som alle med litt fotballinteresse i dette landet har lagt merke til.

Oså på instruktørsida er uskedelinger med på den største fotballskulen i Kvinnherad. Då eg var innom var Emil Bakke Berntsen i full gong med å instruera ei gruppe. Han har eit år bak seg på Haugesund Toppidrettsgymnas. Utover vil det dukka opp fleire uskedelinger i instruktørrolla. Arvid Nes kunne fortelja at både Andrea Albrethson, Gørill Samland Eik, Tor Gundersen og Kari Bråtun i alle fall ville koma. Kjekt var det også å registrera at tre unge gitar frå Eritrea var inkludert i instruktørkorpset.



[Emil Bakke Berntsen var ein av instruktørane.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland